

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Formannskapet	04.09.2025	045/25
Kommunestyret	17.09.2025	073/25

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	20/8045 – 63
Roald Aga Haug	Journalpostnr.	25/27009

Avtalar i samband med overføring av konsesjonar mv. i Røldal–Suldal–vassdraget

Vedlegg
2025 07 04 Utkast – Avtale RSK – Ullensvang kommune om tiltak i Valldalen
2025 07 04 Utkast – Avtale RSK – Ullensvang kommune
2025 07 04 brev til Ullensvang kommune om utbyggingsavtale mv

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Kommunelova

Tilråding frå ordføraren:

Ullensvang kommunestyre godkjenner avtalane lagt ved i saka, med følgjande vilkår:
Avtalane fører ikkje til avgrensing av kommunen sitt mynde eller rettar i høve til
offentlegrettsleg regelverk, og legg heller ingen føringar for kommunen si høyringsuttale.

Fellesframlegg, sett fram av Roald Aga Haug, Arbeidarpartiet

Kommunestyret vil behandla avtalane innan nyttår. Kommunestyre gjev ordføraren fullmakt til å forhandla vidare med Lyse med mål om å forbetra avtalane.

Framlegg, sett fram av Lisa Karine Haugland, Raudt

Ullensvang kommunestyre legg forslag til avtalar til sides inntil andre forhold relatert til saka er avklart.

Røysting:

Tilrådinga frå ordføraren fekk ingen røyster og vart ikkje vedteke..

Fellesframlegget vart vedteke med 12 røyster, framlegget frå Lisa Karine Haugland fekk 1 røyst (Haugland) og vart ikkje vedteke.

FS – 045/25 Vedtak

Tilråding:

Kommunestyret vil behandla avtalane innan nyttår. Kommunestyre gjev ordføraren fullmakt til å forhandla vidare med Lyse med mål om å forbetra avtalane.

Saksopplysningar:

Avtale om tiltak i Valldalen

Avtale om opprusting og utvidelse av Røldal–Suldal kraftverkene

Ordføraren har utfordra RSK DA på utbyggingsavtale i samband opprusting og utviding av Røldal–Suldal kraftverkene. RSK DA har respondert positivt på dette, no ligg det føre to avtalar som kommunestyret skal ta stilling til.

Vurdering:

Slik ordføraren ser det har ein no fått på plass avtalar som generelt sett bidreg til å gi Røldalsbygda fleire goder i samband med ei eventuell utbygging. Alternativet kunne ha vore å få ei utbygging der bygda og kommunen berre er prisgitt NVE og Energidepartementet sine vurderingar og pålegg til konsesjonær. NVE har ei generell oppmoding til partane om å løysa problemstillingar som konsesjonsregelverket ikkje tek høgd for.

Vilkårsrevisjon og OU-prosjekt i Røldal–Suldal kraftverkene har vore og er ei stor og viktig sak for Ullensvang og Suldal kommune. Suldal kommune har allereie inngått avtale med RSK DA. No har ein arbeidd fram forslag til to avtalar for Ullensvang kommune. Slik ordføraren vurderer det har begge avtalane innhald som vil koma innbyggjarane i Røldal, næringsliv og kommunen til gode.

Valldalsvegen har vore i kommunal eige sidan slutten av 60-talet. Veggen har stor verdi for lokal befolkninga i Røldal, jakt- og friluftssinteresser og reiseliv. Veggen har eit stort og omfattande oppgraderingsbehov. Avtalen som no ligg til handsaming legg no til grunn eit samarbeid mellom kommunen og RSK om ein plan for oppgradering der RSK skal bidra med dekking av kostnader opptil 15 milloner kroner for planperioden. Det vil slik ordføraren

vurderer det gi eit økonomisk grunnlag for ei god standardheving. RSK skal i tillegg bidra med eit årleg tilskot på 250 000 kr til oppretting av eit vedlikehaldsfond øyremarka Valldalsvegen. RSK vil i tillegg bidra med fritt leverte steinmassar i samband med opprustinga av Valldalsdammen. Ordføraren vurderer avtalen som avgjerande for å få satt i stand Valldalsvegen, og vil gi eit særskilt viktig bidrag til vinterferdsel, utan at dette berre skal finansierast frå kommunen sitt budsjett. Avtalen innber og at RSK skal arbeida aktivt for å etablera betre mobildekning i Valldalen. Dette vil styrka beredskapen i området for brukarar, nødetatar og kommunen. Det er viktig å peika på at denne avtalen går uavhengig av om det blir OU-prosjekt eller ikkje.

Den meir generelle avtalen innheld ei rekke gode tiltak slik ordføraren vurderer det. Tiltaket for badet ved Røldal skule vil gi elevar, innbyggjarar og tilreisande ei sårt etterlengta oppgradering. Tiltaket vil vera eit gode som treff breitt i bygda. Avtalen legg opp til ei deling av kostnadane mellom RSK og kommunen avgrensa opp til 10 millionar kroner for konsesjonæren. Ei rekke innspel i samband med folkemøter og høyring har peikt på trafikktryggleiken i samband med ei eventuell utbygging. Dei tiltaka knytt til Kyrkjevegen–Odlandsvegen–Runnane, vil vera viktige i anleggsfasen, men vil og gi varig auka trafikktryggleik for bygda. Det skal og vurderast tiltak saman med kommunen i andre områder i bygda som vert råka i samband med ei utbygging. RSK skal og bidra til samfunnsnyttig bruk av steinmassar, fleire moglegheiter er nevnt i avtalen: Golfbane, næringsområder, flaumsikring, rassikring.

Oppsummert meiner ordføraren særleg tre tilhøve må trekkjast fram:

- Valldalsvegen vert opprusta uavhengig av om det blir ØU-prosjekt, med 15 millionar kroner i opprusting og årleg bidrag på 250 000 kroner.
- Røldal bad får ei sårt tiltrengt og sterkt ynskja opprusting til 20 millionar kroner til beste for elevar, lokalbefolkning og tilreisande i bygda.
- Varig auka trafikktryggleik kjem på plass på fleire kommunale vegar.

Økonomiske konsekvensar:

a. Driftskonsekvensar

Oppgradering av Valldalsvegen kan gi reduserte vedlikehaldskostnader totalt sett, og medfinansiering frå RSK kan redusera kommunen sine kostnader.

b. Investeringskostnader

10 millionar kroner til Røldal bad

c. Finansiering

Ikkje aktuelt på noverande tidspunkt, vil vera avhengig av om det blir OU-prosjekt.

Samandrag konklusjon:

Vilkårsrevisjon og konsesjonssak i RSK-anlegga har skapt stort engasjement i Røldal og Suldal. Anlegga vart bygd i ei tid då krava til miljøomsyn ikkje var på dagens nivå. Miljøforbetringar må på plass uavhengig av om det blir OU-prosjekt. Det har vore viktig for kommunen i heile prosessen å få plass tiltak knytt til Valldalsvegen. Det har vore krevjande å få til avtalar med konsesjonær. og kommunestyret har uttrykt generell skepsis til OU-prosjektet. Slik ordføraren vurderer det er desse avtalane påkrevde og eit viktig steg for den vidare konsesjonsprosessen. Særleg Valldalsveg-avtalen har vore avgjerande å få på plass. Det ligg og fleire gode tiltak i den generelle avtalen som vil koma Røldalsbygda til gode. Ordføraren rår difor kommunestyret til godkjenna avtalane slik dei no ligg føre.

Særutskrift sendast til:

- RSK DA